

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Mars 2024



På besøk hjå Ingebjørg og Per

Leik og læring på konfirmantleir

Moster 2024

Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Marta Onstein


Leiar i Etne kyrkjelege fellestråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70


Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevjerje
kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
53 77 11 71/47 25 35 29



Egil Larsen
Sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70




Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28




Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71



Dugnad på kyrkjegardane og ved Etne kyrkja

Velkommen til årleg vårdugnad på kyrkjegardane. Ta gjerne med rive, eller anna utstyr som er godt å ha. Det blir også tid til kaffi og drøs.

Dato for dugnadane blir som følgjer:

Etne kyrkje torsdag 11. april kl. 17.00.

Stødle, Grindheim og Gjerde
onsdag 17. april kl. 17.00.

Skånevik og Fjæra 23. eller 24. april
(det vil komma plakater).

Den stille veka var ei dramatisk veka for Jesus

I kyrkja kallar me veka frå Palme-søndag til påskedag Den stille veka. I tradisjonen brukte ein ikkje kyrkje-klokkene og orgelet denne veka, og ein skulle heller ikkje arbeida. Men det den veka handlar om i forteljinga om Jesus sitt liv er ikkje stille.

Palmesøndag var Jesus og læresvein-anen komne til Jerusalem. Jesus tok siste etappe på ryggen av eit esel, og det vart stor ståhei i byen. Rykta om Jesus som gjorde under og trollbatt folk med orda sine hadde gått. Han vart teken mot som ei stor stjerne. Folk la kapper på vegen, vifte med palmegreiner og ropte.

Skjærtorsdag samla Jesus dei tolv læresveinane til eit måltid slik tradisjonen var. Det delte han brød og vin og innstifta nattverden. Men det var uro i læresveinflokken. Judas hadde tatt mot betaling for å visa Jesus sine fiendar kven han var. Og seint den kvelden vart Jesus arrestert.

Langfredag er dagen då Jesus vart dømd til døden, spikra på eit kors av tre og døydde ein pinefull død. I Etne er gudstjenesta den dagen i Grindheim kyrkje. Alterbildet der er eit sterkt maleri av Jesus på korset. Gudstenesta er stillferdig, og lididngssoga blir lesen.

Seint laurdag kveld samlast kyrkjelyden i Etne til Påskennatt i Stødle. Gudstenesta startar i mørke, Jesus er død og alt håp er ute for dei som trudde på han. Men så kjem



bodet: Kristus er oppstått. Ja, han har verkeleg stått opp. Nokre kvinner har sett han og snakka med han.

Påskedagen er kyrkja sin største festdag.

Oppstått er Jesus; Hurra! Hurra!
Han lever, Han lever, Han lever nå.
Han lever, Han lever, Han lever nå.
Tom er graven i klippen.
Vet noen hvor mesteren er?
Klærne hans ligger der der han ble lagt,
men selv er han ikke der.
Selv er han ikke der.

Glade takker vi Jesus:
Takk Herre at døden blir kort!
Vi skal få leve hos deg en gang.
Du tar oss fra døden bort.
Du tar oss fra døden bort.

Marta Onstein

Ingebjørg og Per ber inn til guds

«Heimigarden» på Rullestad skjuler mange skattar. Ikkje mindre enn 8 bygningar står i tunet, og Ingebjørg og Per Rullestad passar godt på både bygga og det dei rommar. Peraståvo datert overgangen frå 1700- til 1800-talet er juvelen. Eit gammalt småfehus med gammalt hesteutstyr i låverommet er renover, og dette er no blitt til eit forsamlingslokale. Ut på året skal den tredje gudstenesta haldast i dette rommet.

Det gamle bygget som før var saue- og geitefjøs stod delvis til nedfalls, og for nokre år sidan fekk bygget ei solid oppgradering. Dei bygde heilt ny toppetasje der det gamle hesteutstyret hadde stått. Tømmergavlane står att og minner den som kjem inn om ei svunnen tid. Rett innafor døra er det ein stor treknagg på kvar side. Her blei hesteselane hengde opp.

Me har brukt dette rommet til ulike familiesamkomer. Her har me feira dåp til eit barnebarn, me har hatt pizzafest her for bryllaupsgjester når både sonen Ole og dottera Inga skulle gifta seg for eit par år sidan, kan Ingebjørg og Per fortelja.

Kvar andre juledag har storfamilien Rullestad vore samla her, aldersspennet på deltakarane i fjor var frå 3-4 månader til 80 år. Etter pandemien blei det invitert til nabosamling der folk i området frå Bergstø til Eljarvik var invitert til kaffi og kaker.

Og så har det altså vore to gudstenester her. I utgangspunktet skulle det vera friluftsgudsteneste på Rullestad, men på grunn av dårleg ver blei deltakarane inviterte innomhus. I år skal Ingebjørg og Per igjen stå som vertskap for ei gudsteneste.

Me tar i mot kyrkjelyden med glede, seier dei to. Og de som kjem kan vera sikre på at det vankar både kaffi og kaker etter gudstenesta.

Møblene i lokalet er stort sett kome frå slekt, og det er plass til 60-70 personar i lokalet. Langs eine langveggen står det plassert 4 kyr-

kjebenker som blei teke ut frå kyrkja i Fjæra etter den siste storvøla. Desse stod no berre lagra, og er utlånt frå kyrkja og har altså fått sin renessanse her.

Det må nemnast at både Ingebjørg og Per er historisk interesserte, Ingebjørg er den ivrigaste slektsforskararen av dei to. Den store interessa for historie gjer og at dei er flinke til å ta vare på det gamle, og steller godt med det. I bustadhuset har dei tatt vare på ei tømrastove og den inneheld også eldre ting, mellom anna ei kjempetor rosemåla kiste. Ein fast tradisjon er å eta julemiddagen i denne stova.

«Peraståvo»

Peraståvo er det mest innhaldsrike huset i tunet for den som er interessert i historie. Den har mellom anna vore nytta til bustad, skulestove og møtelokale gjennom si over 200-årige historie. Her er det ei hylle med postillar, biblar og salmebøker. Det var her organist Solveig Sørheim for nokre år sidan oppdaga ei unik salmebok som viste seg å vera Petter Dass si samling av evangeliesongar frå 1700-talet. Det er berre registrert tre andre utgåver av denne boka i heile landet, desse tre er i Nasjonalbiblioteket i Oslo der ei av dei er digitalisert. Eksemplaret som vart funne i Peraståvo hamna på universitetet i Bergen.

I Peraståvo er det også ei mengde med gamle verktøy, og elles utstyr som har vore nytta på garden opp gjennom ein lang historie. Mellom anna den store bordplata som blei nytta under omgangsskulen. Det som gjer samlinga av gamle gjenstander både i Peraståvo og i andre rom i tunet unik så unik, er at alt har høyrte til på garden. Såleis må også forfedrene til Per hatt interesse av å ta vare på det gamle.

Mot generasjonsskifte

Ingebjørg frå Bergen kom til Rullestad for 30 år sidan. Ho hadde litt erfaring med gardsarbeid hjå besteforeldre under oppveksten. Og Per seier muntert at ho kunne hesja då ho kom til gards.

teneste

Ho som vart gardkone i «Heimigarden» har jobba som psykiatrisk sjukepleiar i Etne kommune, og er no pensjonist. Bonden Per er i ferd med å trappa ned på geitehaldet for å satsa litt meir på sau. Planane er at sonen Ole og kona Maren frå Skare skal overta garden om nokre år. Dottera Inga og hennar familie har også lyst til å koma tilbake til barndomens trakter. Begge borna bur i dag i Bergen.

Borna våre opplevde det som trygt og godt å veksa opp på Rullestad, og dei ønskjer at deira born skal få ein oppvekst på landet. Men det er heilt avgjerande at borna deira får gå i barnehage og på skule på Skare, seier dei to, som no ser fram til litt meir fritid i saman.

Ingebjørg og Per har ein liten leilighet i Bergen, og Ingebjørg tar ein del aleineturar til byen mellom dei sju fjell. Utanom slekt og vener likar ho å vitja borna og dei to barneborna og å få med seg ein del kulturelle opplevingar i byen. Dei som kjenner Per veit at han alltid har vore ein spreking som har sprunge og gått mykje i fjellet. Mellom anna for å henta ned sauer i skårfeste. Det gjerne ikkje alle veit er at han dei siste 20 år har delteke i det kjende motbakkeløpet Stoltzekleiven Opp i Bergen. Så han held seg i form.

Me har to stolar som høyrer til garden, og særleg den eine har me brukt ein god del opp gjennom åra. Men me har funne ut at det er vel så mange turmuligheter i Bergen.

Ingebjørg er fødd ytterst i havgapet i Romsdalen der faren kom i frå. Per er blitt veldig glad i landskapet i denne landsdelen, og dit vil dei gjerne dra oftare. Så planar for opplevingar saman når dei begge får meir fritid manglar ikkje.



Foto: Alf Østrem

Påske – ei travel tid

Når det gjeld kva faste påskerituale huslyden Rullestad har hatt opp gjennom åra, så er Per raskt ute med å svara lemming. Så lenge bonden er nagla til det jordiske så må det som skal gje inntekter på bruket prioriterast, om det er i helg eller vyrke.

Påsketradisjonane våre har vore knytt til frukosten med ekstra påskeegg, song av påkesalmar, og gjerne dagsturar til fjells, seier Ingebjørg.

Men Ingebjørg og Per legg til at det i påsketider også kan vera fint å ta turar heilt mot vest i kommunen for å oppleve litt meir vår. Denne vinteren har vore snøråk på Rullestad med over 80 centimeter med snø på det meste.

Alf Østrem

Leik og læring på konfirmantleir



Elias i djup konsentrasjon for å bygga det høgaste papirtårnet.

Foto: Elisabeth Vae Haaland



Fart og konsentrasjon måtte til for å kapra den ledige stolen.

Foto: Kari Vik Stubaug

Det var ein gjeng spente konfirmantar frå Skånevik og Etne som reiste til Stemnestad på konfirmantleir siste helga i januar. Fokus var på å gjera val i livet, med utgangspunkt i dei ti bodorda. Gjennom mange og ulike aktivitetar fekk konfirmantane arbeida med viktige spørsmål. Det var også tid til spel, leik og fritidsaktivitetar. Ein god gjeng med godt vaksne leiarar gjorde det heile mogeleg, og foreldre stilte som nattevakter. Stemnestad sørge for god mat til oss. Tusen takk til alle for ei kjekk helg!

Kari Vik Stubaug

VISDOM
*Åra går, seier du
og veit at bakom
ligg sol og skugge
ordlause hendingar
av levande liv*

*Kven kan samle fossen?
Kven kan skildre elva?*

*Men eit beger av visdom
kan du gi
av vatnet som flyt
frå dine år*

Kari Vik Stuhaug



Bilete: Aud Sigrid Flesland

Motgang og meistring - temakveld

«**Motgang og meistring**» var temaet for denne kvelden på kyrkjjetorget, der diakonitualet i Etne inviterte, og sokneprest Kari Vik Stuhaug delte tankar og erfaringar rundt temaet.

Ved hjelp av eigne bilete og sjølvskrivne dikt, let ho oss ta del i sine rike erfaringar og personlege opplevingar.

Korleis kan ein finna vegen vidare i møte med utfordringane livet byr på? Korleis taklar me motgang, og kva hjelpemiddel har me til å ta i bruk, både i oss sjølv og i møte med

andre menneske når livet røyner på? Kva har me å vera takksame for, i den kanskje så trivielle kvardagen vår?

Dette var noko av det me fekk reflektera rundt i løpet av kvelden. Tankevekkande, lærerikt og varmt, kan beskriva kvelden.

Det vart servert kaffi og kaker før Kari tok oss med på ei fin stund med kveldsbøn og song rundt lysgloben i kyrkjerommet.

Reidun Solberg Sande

Verdiåret 2024 i Bjørgvin

I 2024 feirar og markerer me to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der me markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjera landet vårt til eit godt land å leva i.

Motkraft og medkjensle med Kristen-retten

Det handlar om røtene for samfunnet vårt slik det er i dag. Då kristenretten begynte å ta form på Moster i 2024 var det byrjinga på ei radikal endring av vikingsamfunnet. Nye verdiar gjorde seg gjeldande, som heldt fram menneskeverd og likeverd for alle menneske. Der døde storfolk før blei lagt i gravhaug og trælen slengt i ei myr, blei etter kvart begge gravlagde innanfor kyrkjegarden. Rett nok blei trælen lagt nærast yttermuren, mens stormannen blei lagt nærast sjølve kyrkjemuren. Kvinner skulle få samtykka til ekteskap, og lojaliteten til menneska i lokalsamfunnet begynte å gå på tvers av ætta, som før hadde vore det sjølsagde bandet for verdsetjing og ivaretaking.

Olav Haraldsson i Rouen

Det skjedde noko med Olav Haraldsson, eller Olav Digre som han også blei kalla, den vinteren han var i Rouen i Frankrike (1012-1013). Her møtte han nye tankar om samfunn og makt. Rouen var ein viktig politisk by og lærdomssenter i Normandie på byrjinga av 1000-talet. Det ser ut som Olav begynte å få andre tankar om det å reisa i vikingtokt, og korleis ein kunne styra eit samfunn. Det enda med at han tok imot den kristne trua og blei døpt i Rouen. Om det var grunngjeve i tankane om samfunnet, eller eit personleg behov for tilgjeving av synder på vikingtokt, veit me ikkje.

Då Olav eit tiår seinare siglde mot Moster had-



de han med seg den engelske biskopen Grimkjell. Biskopen var viktig premissleverandør for reglar om kyrkja i samfunnet. Kven skulle ha ansvaret for kyrkjebygging, etableringa av kyrkjegardar, tilsetjing av prestar og handtera tinden som vart betalt som skatt til kyrkja?

Kva var kristenretten?

Det andre ein finn i kristenretten på Moster er reglar for korleis ein skulle leva som kristen. – Når skulle ein fasta, når skulle ein gå til kyrkjes, korleis skulle dåp og gravferd føregå? På eine sida var dette reglar som var heilt nødvendige for å sikra innbyggjarane frelse og for å kristna kvardagen og livsførselen deira. På den andre sida var dette ein måte å skapa ein ny fellesskap innan dei kyrkjelege strukturane. For no skulle rik og fattig, mann og kvinne, mektig og avmechtig døypast etter same rituale, møtast til messe i same kyrkjerom, og få fritak for ulike plikter etter dei same reglane som i prinsippet var like for alle. Slik formulerer ein av dei største kjennarane av kristenretten det, professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde.

- For det tredje var det i kristenretten for Moster reglar som var berarar av sentrale kristne verdiar, skriv Sunde. - Ein ting var at nyfødde barn ikkje lenger skulle berast ut for å døy fordi ein ikkje kunne eller ville fø dei opp. Ein annan var at det om sommaren på Gulating skulle gjevast fri ein træl frå kvar region, der utgiftene skulle utliknast på kvar av dei som budde i regionen. Dette var reglar som var utslag av den overordna ideen om at alle men-

neske var skapt av Gud, og slik hadde same far. Dette gjorde at styrke ikkje utan vidare gav rett, men heller ei viss plikt til å hjelpa fram den svake.

Det som skjedde på Moster i 1024 var byrjinga på ein prosess med store endringar av samfunnet, og som blei tydelegare realisert med Magnus Lagabøte si landslov 250 år seinare, i 1274.

Endringar som påverka samfunnet i tusen år

- Når vi dette året markerer tusen år for kristenretten, er det rett at vi både i kyrkje og samfunn reflekterer over kva det var vi fekk på Moster i 1024 som har prega levesett og livsførsel i våre fellesskap. Kva er det av desse verdiane og prinsippa som er umisselege for oss, også i ei tid med mangfald, religionsfridom og rom for det einskilde mennesket til å meine, tru og tenke? spør biskopen vår, Ragnhild Jepsen.

Feire fortid – forme framtid

Difor inneber feiringa Moster 2024 ikkje berre fokus på det som skjedde for tusen år sidan. Slagord for jubileet blei difor: **Feire fortid – forme framtid**. Det er gjennom året fleire seminar og verdisamtalar som fokuserer på dette. Sjølv jubileumsveka på Moster frå 29. mai til 2. juni har eit rikhaldig program med forestillinga «I slik ei natt» om den unge Olav Haraldsson skrive av Svein Tindberg, konsertar og jubileumsgudsteneste i Moster Amfi søndag 2. juni. Sjå meir info på www.moster2024.no

I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai. Etne sokneråd arbeider med å få til eit besøk med foredrag av professor Jørn Øyrehagen Sunde til hausten. Han er ein strålende førelesar, og me håpar det let seg gjera!

Kjelde: Luthersk Kirketidende 2/2024.

Kari Vik Stubaug

Aktuelle verdier frå gamal tid

Guds fire døtre

Omgrepet "Guds fire døtre" eller "Dei guddomelege søstene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklar skulle bli høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen.

Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; *sanninga* må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, *rettferda* skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og *fred* skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underhaldande og opplysende mini-serie med Farmen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieil for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

Bjørgvin Bispedømme



Foto: Harald Grønnevik

Peder

Då Peder blei fødd, snudde sola, og det gjekk mot lysare tider. Dagen var 21. desember 1933, og det skal ha hendt i 2. høgda på gamleskulen i Skånevik. Heimen der han vaks opp i lag med 6 sysken, ei lita tømrastove på prestegarden, heiter sjølv sagt Ljosheim.

No går det opp for intervjuaren at Peder Andreas Ness som sit tvers for han i lenestolen, nett har fylt 90. Det skulle ein ikkje tru – han held seg uforskamma godt! Til lukka, Peremann! For det er slik mange nemner han rundt i bygda.

I skulen kom han som var fødd nett for årsskiftet, kvikt ut av startgropene. Vel 6 år tok han bøkene fatt. Skuletida på den tid var 7 år, annankvar dag, før konfirmanttida i det første kullet den nye soknepresten, Sverre Myklebust, førde opp kyrkjegolv, i 1947.

Når ein snakkar med litt eldre folk, spør ein gjerne kva dei gjorde etter konfirmasjonen. På den tid var det meir enn no slik at dei gjekk inn i dei vaksnes rekkjer. Til sjøs, dreng på gard, ut i teneste eller på fiske har vore vanlege svar i bygdene her på kysten.

Peder fekk tips om småbrukarkurs på Halsnøy folkehøgskule og hoppa på det. Småbrukar blei han aldri, men lærde mykje nyttig likevel.

Seinare var han i Haugesund hos slektningar som var adventistar og dreiv eit kurbad, der også mange av byens skipsreiarar og anna fintfolk lauga seg til helse og senka skuldrer. Her hjelpde han til mot kost og husrom, og litt løn. Eg hadde til sjokolade, fortel han. «Eg blei glad i det søta der i Haugesund.

Og så innhenta fisket han.

Far Ragnvald og broren Abraham Ness hadde i kompaniskap med disponent Alf Warloe Christophersen notbruk. Det hadde starta med ein gavlabåt og landnot før ei større skøyte med snurpenot. Den heitte, tru det eller ei – «Olga».

Men det var no før Olga si tid, seier han, og ser bort på kona Olga som sit lenger inne i stova.

«Olga» var attåt fisket den første båten som ved hjelp av slisker tok bilar om bord og førde dei over fjorden.

Seinare kom «Duo» som Peder minnest best. Her tok han del både i stell av båt og utstyr, og i sjølve fisket etter vinter- og vårsild, og brisling sommarstid. Såpass at har vedkjend seg tittelen fiskar.

Var du fiskar i mange år?

Kanskje altfor mange, svarar han og innser at kona og familien til tider blei mykje aleine.

Sesongarbeidar var han og nokre år i kraftlaget, før han kom i meir fast arbeid ved Lio kjøt-industri i Skånevik. Og då dei blei oppkjøpt av Fatland, fylgde han med til Ølen der han blei til pensjonsalderen.

Eit langt, variert og spennande arbeidsliv!

Og så har du no vore ein kyrkjeleg mann, Peder – nemner eg.

Både i kyrkje- og bedehus.

Eg vaks mest opp på bedehuset, fortel han, og i ungdomstida vår var der ei svært aktiv ungdomsforening og musikkforening i Indremisjonen. Ikkje minst minnest han den mangeårige formannen Kjell Larsen.

Snøgruta «Sunnhordland» låg i Skånevik frå laurdag til søndag kveld kl 7 med avgang til Bergen. Då samla folk seg på kaien, og mange gjekk rett derfrå til møte på bedehuset.

Eg meir enn anar at dette var gode, glade og livsformande år.

Men me har og vore heldige med prestane

våre, og kyrkjebenken har alltid vore ein naturleg plass for meg.

Song og musikk har gjennom heile livet hatt ein stor plass. Alt som 14-åring møtte han fram i Sverre Nes sitt mannskor, han song både tenor og bass i sokneprest Myklebust sitt blandakor, og intervjuaren kan klårt minnst å ha site attmed han i Skånevik kyrkjekor som gjekk inn for nokre år sidan.

Dessutan var trioen Kjell Larsen, Lars Christophersen og Peder mykje rundt på gamleheimane med song, annankvar gong i Etne og Skånevik.

Og så var det hornmusikken, på kornett, euphonium og trombone, frå 14-årsalderen.

Songen og musikken har gitt glede og livsinnhald heile livet.

Eg dristar meg til med eit avsluttande spørsmål til 90-åringen –

Korleis har livet vore, Peder?

Eg kan sjå tilbake på eit utruleg flott liv. Strevsamt, men flott!

Ei dramatisk vanskeleg hending må me likevel ta med. Minstejenta Bente blei lam etter ei ulukke, 20 år gammal, medan ho enno budde heime. Livsomveltande sjølvsagt, for både henne og familien. Og trass det fortel Peder at Bente på mange vis blei til velsigning for for-eldra sine. Også praktisk. Ho fekk eige hus der dei kunne koma, og ho lærde å køyra bil.

Slik blei ho i mange år deira trygge sjåfør.

Då sjukdom ramma henne, fekk ho sjølv eit trygt ankerfeste i Bjørn Eidsvåg sin song, «En tåre renner fra ikonet», og siste lina står på gravsteinen hennar, «Nåden bærer meg». Ho døydde sommaren 2022.

Det som mest av alt gjer alderdommen god, er gleda over etterkomarane. Når det går godt for dei, er det bra å passera 90.

Harald Grønnevik

Om gravplassane og vedtektene

Av og til får me spørsmål om ting som gjeld gravplassane.

Det ligg ein del informasjon på nettsida vår, **etnekyrkja.no - Livsvegen - gravferd**, der ligg også gravplassvedtektene for Etne, men her er det eit utdrag frå dei.

§1 Forvaltning

Gravplassane i Etne kommune er underlagt Etne kyrkjelege fellelsråd sitt administrasjons og myndighets område. (jfr. gravferdslova med forskrifter)

§2 Definisjonar

Fri grav: Tildelt grav til innbyggjarane i kommunen, som det ikkje vert betalt festeavgift for i fredingstida.

Festegrav: Grav som er festa mot betaling av avgift.

Urnegrav: Grav berre for urner, med plass til fire urner jf. Gravferdsforskrifta §14. Dette gjeld ikkje namna minnelund der ein med urnegrav meiner grav med plass til ei urne.

Kistegrav: Grav som ivaretek forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. Det kan også gravleggast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan brukast om att.

Festetid: Tida det er avtalt å festa ei grav for.

Ansvarleg: Den som står som ansvarleg for ei fri grav.

Festare: Den som står som part i festeavtale.

§3 Gravplasstilhørsle

Døde personar i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som dei måtte ønske. Dei har rett til fri grav så sant grava vert tilvist.

Dette gjeld òg om den døde på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ei anna kommune mot slutten av livet.

Døde personar frå andre kommunar kan gravleggjast i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav vert betalt.

§ 4 Fredingstid og festetid

Fredingstid for kistegrav er 20 år. Fredingstid for urnegrav er 20 år. Festetid er 10 år. (Kan bli endra til 5 år)

§ 5 Feste av grav



Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida av, og etter søknad til Etne kyrkjeleg fellelsråd; for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad, med eitt gravminne.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5-10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellelsråd. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innbentast, kan kyrkjeleg fellelsråd avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde adresseendring.

§ 6 Grav og gravminne

Ved opning av grav kan jord leggast på omkringliggjande graver, og gravutstyr flyttast mellomsteds. Gravplassforvaltninga sørgjer for istandsetjing igjen, og vil syta for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at kyrkjeleg fellelsråd har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Gravminne skal ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging

der

av kiste. I mellomtida set tilsette på gravplassen eller gravferdsbyrå opp eit merke med namnet til den døde. Gravminne på urnegrav kan setjast opp med ein gong etter urnenedsetting. På ny festa gravstad vert gravminnet plassert i bakkant av den grava som først er tatt i bruk. Etter at grav nummer to er tatt i bruk, skal det berre brukast eitt gravminne og det skal stå på den første grava som er tatt i bruk.

Gravminne, fastmonterte dekorgjenstandar, namneplater, fundament eller sokkel vert rekna som del av monumentet og skal godkjennast av kyrkjeleg fellesråd.

§ 7 Bed, planter og utstyr på grava

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit bed i høg med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkekanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over bedet.

Lause dekorgjenstandar, gravutstyr og planter er den ansvarlege /festaren sitt ansvar og må ikkje kunna virke støytande overfor andre besøkjande eller vera usommelege. Dekorgjenstandar og planter kan ikkje vera høgare eller breiare enn gravminnet og plantefeltet framfor. Desse må ikkje vera til hinder eller fare for drifta av gravplassen.

Det er høve til å tenna stearinlys og oljelampe på grava så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Lause dekorting skal fjernast etter bruk. Det er høve til å ramme inn bedet med ein delt steinskant eller bed-plate som fluktar med terrenget rundt. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman. Fellesrådet tek ikkje ansvar for skader på slik steinskant eller plate som vert påført under klipping av gravplassen.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha bed, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje aktuelt å ramma inn grava med bekk eller døde materiale.

§ 8 Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret

for. Bed som ikkje vert tilplanta og stelt skal såast til av den ansvarlege eller av gravplassforvaltninga.

Ansvarleg for grav eller festar har plikt til å halda gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan inngå avtale om at kyrkjeleg fellesråd og den som vert gitt løyve til det etter §10, kan utføra planting og stell av grav. Ein slik avtale fritenk ikkje den ansvarlege eller festar for ansvar vedkommande har etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar.

Det er lagt ned eit stort arbeid for å finna festarar til alle gravene i kommunen, men det er framleis graver att som me ikkje har funne pårørand/festarar til.

Har du ei grav du er usikker på om det er festar til så ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 53771170 eller e-post kyrkjeverja@etnekyrkja.no.

Det er mange graver me har avtale om sletting på, og me håpar å få gjennomført arbeidet med sletting i løpet av dette året.

Aud Jorunn Baustad



**DET ER HÅP
I EIN DROPE
VATN**

TA GODT IMOT KONFIRMANTANE 18. OG 19. MARS!

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reind vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konfliktt. Støtt fasteakajonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426

KIRKEN NØDHJELP

Takk til våre annonsører!

Grannar
Lokalavisa for Etne og Vindafjord

Lundal
KVALITET SIDAN 1870



jt TVEIT
REGNSKAP & RÅDGIVNING

**Bonde
Kompaniet**

EUROSKO
Etne Senter • tlf 53 75 60 44

 **LUNDENESET VGS**
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv
Studiespesialisering
IT og medieproduksjon
Påbygging til generell
studiekompetanse



 Misjonssambandet
skoler

MØBELRINGEN

Etne Bilservice

GRAVSTEIN

 Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjær.no

Skattkjær Skiferindustri as
Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Påskelandskap

Dette er ein kjekk aktivitet å gjera saman med familien i påskeveka.

Denne dekorasjonen kan lagast på mange ulike måtar. Ein idé er å førestilla Golgata og hagen der Jesus blei gravlagd.

Dette landskapet endrar seg gjennom påsken. Først er det berre ein hage, så kjem korsa opp, så stein og soldatar framfor grava. På påskemorgonen veltar me steinen og soldatane, og tenner lys for oppstoda.

Ta eit litt djupt fat. Ha i oasis eller jord. Form det til ein høgde. Dekk det til med mose. Ta vekk litt mose der du vil plassera blomar, der set du små glas/vasar som du fyller med vatn. Lag eit hol til grav ved ytre kanten, og ha ein stein framfor. Så kan du pynta med blomar og steinar og anna.

Av trepinnane kan du laga 3 kors, som du



set oppå høgda.

Har du nokre legosoldatar eller tilsvarende kan du setja dei til vakt utanfor grava.

Aud Jorunn Baustad

Vigor Bygg

– byggjer dine små og store bustadraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitekturarbeid
- Teknisketjenester
- Søknadsprosessar

Vigor BYGG Systemhus

– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • TEL 906 91 614

Gjerde kyrkje – og klokkene der.

På Gjerde har det vore kyrkje i mange 100 år. Kyrkja er først nemnd i Gaute av Tolga sitt testamente i 1288. Ein reknar med at det var ei stavkyrkje. I 1660 stod det skralt til med kyrkja, og det måtte jamt vøling til, og tils slutt bles kyrkja ned. Den 22.mars 1675 sende sokneprest Hans Hansen Bugge bøneskriv til amtmannen i Bergen, der han på vegne av «almuen» bed om at «Stiftens kirkers beholdning måtte komme denne førnevnte nedbleste kirke til hjelp at oppbygge.»

Bøneskrivet vart høyrte. Den 19. april 1676 vart det utferdta byggjekontrakt mellom stiftsskrivar Herman Garman og bygningsmennene Olle Bysemb og Olle Nedre Echang, bae frå Osterøy, om at «den kirke i Lille Sandvigen som af salig Peder Pedersen var opbygt, at nedrive och til Ethne fremføre, och igjen opsette på den samme stæd den nedbleste Gjerde Kirke tilforn stod.» I kontrakten var føresetnaden at kyrkja skulle vera under tak alt hausten 1676. Godtgjersla for transport og arbeid var 75 riksdalar på forskot, og 50 rdl. når arbeidet var ferdig.



Det er fleire ting i kyrkja som stammar frå den gamle stavkyrkja. Mellom anna preikestolen, døypefont, dåpsfat og kyrkjeklokkene. Noko av det mest verdifulle i kyrkja er dei to klokkene frå mellomalderen. Det er berre den eine som er i bruk, då den andre har ei sprekk, og kan ikkje brukast.

Den største kyrkjeklokka i Gjerde er ei av dei mest interessante klokkene i Norge. Den har meir enn 20 relieff (sannsynlegvis pilegrimsmerke) innstøypst øvst rundt halsen. Dei er 2-6 cm høge. Nokre av pilegrimsmerka kan ein identifisera. Det er mellom anna ei krossfestingsscene, eit Birgittamerke frå Vadstena, og fire Olavsmerke frå Trondheim.

Klokka er ikkje datert, men ut frå forma går ein ut frå at den er frå omkring 1500, kanskje tidlegare.

Den andre klokka er inngravert året 1315. Klokka er altså frå før Svartedauden. På denne klokka er det eit skriftband og innskrift i gotiske majusklar. Det er gjort ei tolking av skrifta på klokka: Innskrifta lyder i omsetjing: «*På metallis vis, i det eg lovar dei himmelske makters Gud, byfter eg mi røyst for at folket skal gå til messe og til alt godt. Jakob gjorde meg i 1315. Erling prest let meg gjera.*»

Aud Jorunn Baustad





*Gaute Tveiten får kyndig hjelp av Reidar Leknes.
Foto: Kari Johansson.*



*Margunn J. Taraldsøy og Hanna Molnes Flåte jobbar side om side.
Foto: Kari Johansson.*

Snikkarverkstad

Inspirert av det mangeårige tilbudet som har vore i Etne, begynte i år eit nytt trusopplæringstiltak i Skånevik. 11 spente 9-åringar møtte i sløydssalen på skulen to tysdagar i februar. Saman med dei var 6 vaksne karar med lang erfaring innan ulikt praktisk arbeid: Dag Vigleik Johnsen, Aksel Tvedt, Jan Kåre Lygre, Reidar Leknes, Inge Mikal Taraldsøy og Magne Garvik.

Reidar hadde med seg emne til å laga både båtar, bilar og skjærefjoler. Borna hadde lite sløyderfaring frå før, men klarte godt å hola ut, fila, pussa, svi og laga fine ting dei kunne ta med seg heim. Utover kvelden kom det fleire gode hjelparar, og etter ei god sløydøkt, vart det begge gongene tid til bibelforteljing, lek og mat.



*Jolijn Kuijt
bolar ut
båten sin.
Foto: Kari
Johansson.*

Dette vart to trivelege kveldar med ivrige og nøgde ungar, og me håpar fleire vil takke ja til dette tilbudet framover. Takk til alle dei vaksne som var med å gjere dette mogleg, og til skulen for lån av lokale.

Kari Johansson

Livets gang

ETNE

Døpte:

10.12. *Ingebjørg Eikanes*
07.01. *Elias Øglænd Hustoft*
21.01. *Sina Louise Rørtveit Carlsen*
04.02. *Eira Sæle*
18.02. *Lars Litlabø*
03.03. *Laurits Helgevold Gravelsæter*
03.03. *Tilje Haugen Staurland*
03.03. *Tim Børve*

Gravlagde/bisette:

30.11. *Klara Wika Nærheim*
05.12. *Torleiv Flatebø*
14.12. *Magne Toralf Fitje*
19.12. *Kari Rieber Mæland*
04.01. *Jorunn Kambo*
18.01. *Unni Vevatne*
01.02. *Björg Målfrid Frøshaug*
02.02. *Henrik Våge*
15.02. *Gerda Lovise Grønstad*
27.02. *Nils Heggelund*

Påskekoncert ved Duo Manna med fleire

Etne kyrkje 20. mars kl. 19.00.

Her blir det både opplesing, framføring av fine påskesongar, og allsongar. Gratis inn- gang, det blir høve til å gi ei gåve til song og musikkarbeidet i kyrkja/bedehuset.

Temakveld «Kjemi i kvar- dagen» ved professor Leiv Kristen Sydnes

Skånevik Fjordhotell 4. april kl. 19.00

Musikkinnslag ved Torleif Sydnes.

Konsert ved Stord con Spirito

Etne kyrkje 13. april kl. 17.00

Dirigent er Tore Kloster, og Solveig Sørheim skal også delta på konserten.

Inngong kr. 150,-

Årsmøte for sokna

Skånevik sokn 14. april etter gudstenesta.

Etne sokn 21. april etter gudstenesta.

Konsert ved Osternes mannskor

Etne kyrkje 28. april kl. 15.00

Tema for konserten er Lina Sandell sine songar. Inngang kr. 250,- honnør kr. 150,-

Familiespeiding i Etne

Det er ønske om å starte familiespeiding i Etne. Då møtest familiar til friluftaktivitet ein gong i mellom. Etter familiegudstensta 17. mars (ca kl 12) arrangerer speidarkretsen første familiespeidarmøte, med pinnebrød på glør og andre aktivitetar. Etter møtet ser vi om nokon vil vere med å organisere fleire møte. Etnespeidaren har hatt stor aktivitet tidlegare og har mykje godt utstyr. Kontaktperson er gruppeleiar Aleksander Vae Haaland, tlf. 919 16 315.

Skaparverkets dag – med særleg invitasjon til 7-åringane

Frette kapell 2. pinsedag 20. mai kl. 11.00.
Eikehaugen, Skånevik 9. juni kl. 11.00.
Her blir det natursti før gudstenesta.

Sommarjobb som Gravplassarbeidar

Kan du tenkja deg ein sommarjobb med å vera ute og stella på gravplassane?

Det gjeld plenklypp og anna utvendig arbeid, 2-3 dagar i veka.

Arbeidet gjeld i Etne og/eller Skånevik.

Søkjar må vera fylt 16 år.

Søknadsfrist 12. april 2024

Ved spørsmål ta kontakt med kyrkjeverja
Aud Jorunn Baustad 97573021

Send søknad til kyrkjeverja@etnekrykja.no

Livets gang

SKÅNEVIK

Døypete:

25.02. *Eva Bull-Tornøe*

Gravlagde/bisette:

08.12. *Rolf Strøm*

08.02. *Borghild Paulsen*

23.02. *Johannes Winterthun*

29.02. *Irene Kvamme Nordskog*

01.03. *Birgit Winterthun*

13.03. *Borghild Rullestad*

15.03. *Fritz Nordskog*

Kyrkjeporten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258



Gudstenestekalender



24.03.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
28.03.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
29.03.	11:00	Grindheim kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
29.03.	17:00	Skånevik kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
30.03.	23:00	Stødle kyrkje	Påskennattsmesse	Kari Vik Stuhaug
31.03.	11:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
31.03.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
01.04.	11:00	Fjæra kapell	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
07.04.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
14.04.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
14.04.	18:00	Etne kyrkje	Ung Messe ved konfirmanter	Kari Vik Stuhaug
21.04.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
28.04.	18:00	Skånevik kyrkje	Samtalegudsteneste	Egil Larsen
04.05.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
05.05.	11:00	Skånevik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Egil Larsen
09.05.	11:00	Gjerde kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
11.05.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.05.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
17.05.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.05.	13:30	Fjæra kapell	Gudsteneste	Egil Larsen
19.05.	11:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
19.05.	11:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
26.05.	11:00	Frette kapell/ute?	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
02.06.	11:00	Moster Amfi	Jubileumsgudsteneste	
09.06.	11:00	Eikehaugen	Familiegudsteneste	Egil Larsen
09.06.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
16.06.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
16.06.	11:00	Grindheim kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
23.06.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
30.06.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
07.07.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
14.07.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
21.07.	11:00	Rullestad - løo	Gudsteneste	Egil Larsen
28.07.	11:00	Gjerde kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
04.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
11.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
18.08.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
25.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
25.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
01.09.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug

Endingar kan koma, følg med i Grannar.

Redaksjonsnemnda i kyrkjeposten: Reidun Sande, Harald Grønnevik, Kari Johansson, Alf Østrem, Egil Larsen og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby.